



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Oppvekst- og kulturutvalet
Møtestad: Digitalt
Dato: 22.03.2022
Tid: Kl. 09:00 - 15:00

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Doris Christensen	Kinn AP
Terese Gjerde	Kinn AP
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Hege Chatrine Brandsøy	Kinn Rødt
Fredrik Smiley Egeberg	Kinn SP
Torgunn Elisabeth Eikevik	Kinn SP
Ingunn Kjersti Frøyen	Kinn SV
Edvard Iversen	Kinn V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Turid Strand			
Anett Berg	Kinn H		

Ugild	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Bengt Solheim-Olsen	22/8623	Anett Berg, Høgre	Bengt Solheim-Olsen ønsker vurdert eigen habilitet då han er i styret til ein av organisasjonane som har søkt om kulturmidlar. Repr Solheim-Olsen vart samrøystes erklært innhabil.

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:

Kommunalsjef oppvekst Runa Nybakk
Stabsleiar Informasjon og service Linda A. Myhre Larsen
Tenesteleiar kultur Odd Gunnar Myhre

Orienteringssaker:

- Fellesorientering med Plan-, miljø og næringsutvalet om uteområde ved Florø ungdomsskule
- Informasjon om arbeidet med temaplan oppvekst v/Heidi Grande Røys
- IBOS - Inkluderande barnehage og skulemiljø v/kommunalsjef Runa Nybakk
- Fellesorientering med helse-, sosial og omsorgsutvalet om jodtablettar og bruken av desse, og atomberedskap v/kommuneoverlege Kjell-Arne Nordgård

- Kinn barnevern v/tenesteleiar Lena Eikefjord
- Informasjon om invitasjon til deltaking i Barnevernløftet nettverk for kommunar i Vestland v/kommunalsjef Runa Nybakk
- Frivilligsentralene v/Bente Nilsen og Siv Anett Kupa, orientering om rapportene frå Frivilligsentralene i Kinn

Ymse:


Repr. Bengt Solheim-Olsen tiltrådte møtet kl 10.05 etter fellesorientering med Planutvalet.

Måløy, 22. mars 2022

Edvard Iversen
Leiar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
013/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
014/22	Godkjenning av møteprotokoll
015/22	Refererte skriv og meldingar
016/22	Plassering av "Sildaguten" i Måløy
017/22	Kulturmidlar 2022
018/22	Prioritering av spelemiddelsøknadar til kulturhus 2022
019/22	Rapport frivilligsentralane i Kinn
020/22	Tilstandsrapport 2021 for Kinn barnevern



Saksnr.	Utval	Møtedato
013/22	Oppvekst- og kulturutvalet	22.03.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Oppvekst- og kulturutvalet 22.03.2022:

Handsaming:

Godkjenning av innkalling:

SV v/repr. Frøyen ønskjer tilbakemelding på tidlegare stilte spørsmål:

Oversikt over plan for datoar for fysiske møter i hovudutvalet:

Kommunalsjef Runa Nybakk viste til at fysiske møter oftast vert avklart på HUL-møta i forkant av møterekkene.

Bestilling frå OK-utvalet vedr. forskrift om opptaksområde:

Kommunalsjef Runa Nybakk orienterte om at det ikkje er sett ei framdriftsplan for forskrift om opptaksområde, grunna sjukdom og at ein må ha tilsette på plass mht utføring av arbeidet.

Skram skule og svømmeopplæring og arbeidet i nedsatt gruppe og bruk av deler av skulen:

Kommunalsjef Runa Nybakk orienterte at fristen som vart sett til påske er utsett. Ein vil jobbe med plan for svømmeopplæring når bassenget ikkje kan brukast. Bruk av deler av Skram skulen må kommunalsjef undersøke.

H v/repr. Bengt Solheim-Olsen ønskjer informasjon om status i barnehagane i Kinn:

Kommunalsjef Runa Nybakk orienterte om at ein ikkje er kjent med at det er ledige barnehageplassar i dag.

Alle barn som har krav på plass har fått tilbod om barnehageplass.

Ukrainske barn og behov for skule og barnehageplass er under arbeid.


Godkjenning av sakliste:

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

OPKUV- 013/22 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/7563
Sakshandsamar: Dagny-Ann Gangeskar
Dato: 01.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
014/22	Oppvekst- og kulturutvalet	22.03.2022

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Oppvekst- og kulturutvalet 22.03.2022:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.


OPKUV- 014/22 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Politikerportalen og på Kinn kommune si heimeside.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Oppvekst- og kulturutvalet - 01.03.2022



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 22/9093
Sakshandsamar: Dagny-Ann Gangeskar
Dato: 16.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
015/22	Oppvekst- og kulturutvalet	22.03.2022

Refererte skriv og meldingar

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggende sak:

011/22, Søknad støtte til opera på Kinn og Svanøy - Kinn kommune

Oppvekst- og kulturutvalet 22.03.2022:

Handsaming:


Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedtatt.

OPKUV- 015/22 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Meldingane vert tatt til etterretning som dei ligg føre.



Saksnr.	Utval	Møtedato
016/22	Oppvekst- og kulturutvalet	22.03.2022

Plassering av "Sildaguten" i Måløy

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Statuen av «Sildaguten» vert flytta til Torg-området. Valg av plassering skjer i samarbeid med Nordfjord Havn.

Oppvekst- og kulturutvalet 22.03.2022:

Handsaming:

Arbeiderpartiet og Venstre, foreslått av Doris Christensen, Kinn Arbeiderparti
Administrasjonen kommer tilbake til OK-utvalget med planer for plassering av statua Sildaguten og miljøet rundt. Vi ønsker å vite mer om hvilke funksjoner Torget har og kan ha fremover i samarbeid og samdrift med Nordfjord Havn. Hvordan ser vi kunst brukt til beste for området og funksjonene torget og kaia har for sentrum av Måløy.

Røysting:

Framlegg frå AP og V v/repr. Christensen samrøystes vedtatt.

OPKUV- 016/22 Vedtak:

Administrasjonen kommer tilbake til OK-utvalget med planer for plassering av statua Sildaguten og miljøet rundt. Vi ønsker å vite mer om hvilke funksjoner Torget har og kan ha fremover i samarbeid og samdrift med Nordfjord Havn. Hvordan ser vi kunst brukt til beste for området og funksjonene torget og kaia har for sentrum av Måløy.

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune fekk førespurnad 28.09.2021 om flytting av statuen «Sildaguten» i Måløy, frå Sentrumsparken i Gate 1 til Toget/Torgområdet i Måløy.

Saksopplysningar:

Statuen «Sildaguten» er lagd av kunstnar Turid Brunsvik Kvalheim og vart avduka i Sentrumsparken i Gate 1 i Måløy, i samband med Måløydagane, i 1997. Statuen var ein gåve til dåverande Vågsøy kommuneyne. Den gang vart plassering valt som erstatning for ein annan statue som hadde stått i toppen av ei fontene i parken. No er det sendt inn ein førespurnad til kommunen om flytting av statuen i Måløy sentrum.

Vurderingar:

I førespurnaden vert det vektlagt at Sentrumsparken ikkje er den same no, og ikkje har

den same bruken, som då statuen vart plassert der i 1997. Statuen står noko opp i parken, der den forsvinn litt i omgjevnadane. Fontena, som statuen ikkje står i samband med, er ikkje lenger i bruk.

Statuen har ei tematisk tilknytning til aktivitet som historisk fant sted i tilknytning til torg-området i Måløy, og dette vil vere eit godt alternativ til plassering den har per i dag. Ei sentral plassering vil gjere statuen til eit meir synleg innslag i bybilete.

Nordfjord havn er positiv til at statuen kan stå innanfor areal dei disponerar i tilknytning til torgområdet.


Ved ei flytting av statuen frå Sentrumsparken til torgområdet vil kommunen også ordne området i parken statuen sto, slik at det ikkje vert stygt i samband med fjerning av statuen.

Økonomiske konsekvensar:

Det vert kostnadar knytt til flytting. Ei utgreiing av kostnadane vert gjort når det er gjort vedtak om ei eventuell flytting. Her vil kommunen og sjå på moglegheita for eit samarbeid med Nordfjord Havn. Det er ikkje gjort nokon avtale om økonomisk samarbeid per dags dato.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Ikkje aktuelt.



Kinn kommune

Arkiv: FA-C00
JournalpostID: 22/8623
Sakshandsamar: Ylva Petrikke Seljenes
Dato: 14.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/22	Oppvekst- og kulturutvalet	22.03.2022

Kulturmidlar 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune fordeler kulturmidlar for 2022 slik:

Lag / org.	Tildeling
Bakke Nydal musikk og formidling	30 000
Skavøypoll skulekorps	30 000
Florøskulen brassband	30 000
Florø skoles musikkorps	30 000
Havblikk	20 000
Strandfestivalen	20 000
Jomentum	15 000 – jubileumsaktivitetar
Operakysten	15 000 – konsertar
Måløy idrettslag	14 000 – til basketgruppa
RS Ung Måløy / Redningsselskapet	10 000
Svanøy folkeakademi	10 000
Florø fa sjø speidere / Frelsesarmeen	10 000
Almenning skyttarlag	10 000
Måløy frisbee klubb	10 000 – banekart
Sangkoret Stormklang	10 000
Brandsøykoret	10 000
Bellatango	10 000
Florø kunstlag	6 000 – tiltenkt kunstutstilling
Vågsøy seniordans	5 000
Måløy seilforening	5 000
Totalsum tilskot	300 000

Oppvekst- og kulturutvalet 22.03.2022:

Handsaming:

Endring Kulturmidler fra Høyre, foreslått av Anett Berg, Kinn Høyre
Søkar/lag/organisasjon:

Bakke Nydal musikk og formidling
20.000

Eneforetak /komersiell bedrift, men likevel oppstart /formidling til yngre grupper/barn.

Flora Kunstlag

0

Å delfinansiere ei kunstutstilling bør takast av medlemsavgifta for dei aktive, og bør sjåast på som drift av laget.

Vågsøy seniordans

0

Utgifter til kurs og viderutdanning må sjåast på som drift av laget.

Flora Turlag

11000

Eit tilbod som legg til rette for gode opplevingar for alle, frå liten til stor.

Redningsselskapet / RS Ung Måløy

20000 (økt med 10 000)

Svært viktig tilbod som bidreg til sikkerheit og kunnskap på sjøen for barne og unge.

Endringsframlegg frå H og SP, foreslått av Anett Berg, Kinn Høyre

Ta kr 5.000 fra Jomentum og Operakysten og gi kr 10.000 til RC lastebil.

Ylva Petrikke Seljenes, bibliotekar i kulturavdelinga, orienterte.

Røysting:

Det vart votert alternativt over kommunedirektøren sitt framlegg og endringsframlegga frå H og SP. Endringframlegg frå H og Sp vedtatt mot 3 røyster (Ap og V).

OPKUV- 017/22 Vedtak:

Kinn kommune fordeler kulturmidlar for 2022 slik:

Lag / org.	Tildeling
Bakke Nydal musikk og formidling	20 000
Skavøypoll skulekorps	30 000
Florøskulen brassband	30 000
Florø skoles musikkorps	30 000
Havblikk	20 000
Strandfestivalen	20 000
Jomentum	10 000 – jubileumsaktivitetar
Operakysten	10 000 – konsertar
Måløy idrettslag	14 000 – til basketgruppa
RS Ung Måløy / Redningsselskapet	20 000
Svanøy folkeakademi	10 000
Florø fa sjø speidere / Frelsesarmeen	10 000
Almenning skyttarlag	10 000
Måløy frisbee klubb	10 000 – banekart
Sangkoret Stormklang	10 000
Brandsøykoret	10 000
Bellatango	10 000
Florø turlag	11 000
RC lastebil	10 000
Måløy seilforening	5 000

Bakgrunn for saka:

Det er sett av 300 000,- til fordeling i budsjettet for 2022. Det er informert om ordninga på kommunen si heimeside, kommunale Facebook-sider, og i Fjordenes Tidende og Firdaposten. Tilsette på kulturavdelinga har spreidd informasjon i sine kanalar.

Saksopplysningar:

Målet med kulturmidlane er å styrke eit aktivt og mangfaldig kulturliv i Kinn kommune. Kulturmidlane skal både stimulere til nyskaping og styrke eksisterande aktivitet. Midlane skal gå til det kulturarbeidet som vert drive av frivillige lag, organisasjonar og eldsjeler i kommunen.

Det er Oppvekst- og kulturutvalet som fordeler midlane etter gjeldande retningslinjer og innanfor budsjetterte rammer. I 2022 skal utvalet fordele 300 000 kr.

Til grunnlag for kven som kan søkje legg kommunen til grunne eit utvida kulturomgrep.

Vilkåra for tildeling er som vedteke på Ok-utvalsmøtet 26. mai 2020.

3. Vilkår for tildeling

3.1 Midlane er tenkt til lag, organisasjonar og profesjonelle kulturutøvrarar med tilknytning til Kinn kommune, som driv med kulturaktivitetar for innbyggjarane i kommunen. Kulturaktivitetar følgjer det utvida kulturomgrepet i kulturmeldingane.

3.2 Kinn kommune vektlegg opne arrangement / tiltak. Organisasjonane som søker skal vere opne for alle som søker medlemskap.

3.3 Søknader med born og unge som målgruppe vert prioritert, men det er ikkje noko aldersgrense på tildelingane. Nyskaping og samarbeid mellom organisasjonar og godt skisserte prosjekt prioriterast framfor driftstilskot.

3.4 Det er eit eige elektronisk søknadsskjema for ordninga. Lag og organisasjonar opplyser om tal medlemmar over og under 18 år.

3.5 Kommunen tar atterhald om at søkjarar an bli bedne om å levere årsmelding, reknskap og/eller budsjett i samband med behandling av søknad.

3.6 Søknadsordninga for frie kulturmidlar gjeld ikkje organisasjonar med eit hovudsakleg (1) kommersielt formål, (2) humanitært eller forkynnande formål, (3) yrkesfagleg formål, eller (4) politiske parti. Kommunale eller offentlege instansar kan ikkje søkje.

3.7 Søknadar som vert levert etter utlyst frist vert meldt opp som referatsak til Oppvekst- og kulturutvalet og ein kan levere same søknad til neste års frist.

3.8 Dersom kulturmidlane vert nytta til andre føremål enn omsøkt, kan Kinn kommune krevje beløpet tilbakebetalt. Der er sett vilkår om at arrangørar som mottok økonomisk støtte til arrangement aksepterar følgjekortordninga. Søkjarar vert oppmoda om å opplyse i annonsar og liknande at Kinn kommune støttar tiltaket.

Det er i alt 32 søknadar i 2022 på til saman 1 243 978 kr.

Ein søknad kom inn etter søknadsfristen. I samsvar med retningslinjene punkt 3.7 er denne meldt opp til referatsak til OK-utvalet 22.03.22 men ikkje med i vurdering under.

Lag / org.	Medlemar under 18 år	Søknadssum
Vågsøy RC Lastebil	7	30 000

Deknepollvegen aktivitetspark		50 000
Svanøy folkeakademi	15	20 000
Florø kunstlag		6 000
Vågsøy seniordans		5 000
Florø bys vel		65 000
Holvik bygdelag	300	60 000
Flora turlag	200	40 000
RS Ung Måløy / Redningsselskapet	20	20 000
Annai Poopahti tamilsk kultursenter	15	8 000
Florø fa sjø speidere / Frelsesarmeene	58	50 000
Veteranbåtlag Atløy	10	143 000
Svanhilds venner		53 287
Nordfjord sjakkklubb		25 715
Måløy idrettslag	160	50 000
Almenning skyttarlag	16	27 500
Måløy frisbee klubb	10	45 000
Måløy seilforening	25	5 000
Skavøypoll idrettslag ved Tur og friluftsgruppa		25 000
Skavøypoll idrettslag ved SIL E-sport	10	25 476
Måløy musikklag	3	25 000
Skavøypoll skulemusikkorps	45	30 000
Florøskulens brassband	18	35 000
Florø skoles musikkorps	15	100 000
Sangkoret Stormklang		40 000
Brandsøykoret		50 000
Jomentum	27	25 000
Havblikk		20 000
Bellatango		10 000
Operakysten		25 000
Bakke Nydal musikk og formidling		30 000
Stranfestivalen		100 000
Totalt 32 søknadar		1 243 978

Vurderingar:

Lag og organisasjonar som søker skal vere opne for alle som ønskjer medlemsskap og ha tilknytning til kommunen. Kinn kommune har og opna for at profesjonelle kulturutøvarar med tilknytning til kommunen kan søkje om kulturmidlar.

Til grunn for kven som får midlar ligg «det utvida kulturbegrepet» - vi ser at til neste utlysing skal dette omgrepet definerast betre med tanke på konsekvent behandling av søknadar, og slik at dei som søker veit kva dei kan søkje på. Retningslinjene vart vedtekne for to år sidan og etter to tildelingsrundar kan ein no evaluere om kriteria for tildeling fungerer som ønskja.

Nokre søknadar er avslått fordi vi meiner at dei ligg utanfor dei tiltaka kulturmidlane skal støtte oppom – men at ein her kan søkje midlar andre stader. Der vi ser klare støtteordningar som passar er dette tatt med i vurdering og blir del av tilbakemelding til søker. Eit par søknadar er avslått på bakgrunn av lite utfyllande søknadstekst.

I vurderinga er det prioritert søknadar som inneheld konkrete prosjekt, særskilt der desse er til gode for born og kan reknast som lågterskel. Det er prioritert nyskaping, samarbeid og godt skisserte prosjekt framfor driftsmidlar.

I den grad det er tildelt noko som kan reknast som driftsmiddel er dette til fordel for born og unge. Det er ikkje prioritert midlar til vedlikehald og generell eller dagleg drift, til dømes søknadar om støtte til medlemskontingent eller avvikling av medlemsmøte.

Det er færre søknadar enn i 2022, noko som kan ha samanheng med to år med pandemi og reduserte tilbod. At søknadar får avslag betyr ikkje at det er dårlege søknadar, med ein total søknadssum på 1,2 millionar og ei utdeling på 300 000 kr betyr det at mange får avslag. Det har som tidlegare vore viktig at vi er konsekvent i dei vurderingane vi gjer, og at dei tildelingane vi gjer utgjer ein stor nok del av søknadssummen til at tiltaka det søkjast kan settast i verk.

Lag / org.	Tildeling
Skavøypoll skulekorps	30 000
Florøskulen brassband	30 000
Florø skoles musikkorps	30 000
Bakke Nydal musikk og formidling	30 000
Havblikk	20 000
Strandfestivalen	20 000
Jomentum	15 000 – jubileumsaktivitetar
Operakysten	15 000 – konsertar
Måløy idrettslag	14 000 – til basketgruppa
RS Ung Måløy / Redningsselskapet	10 000
Svanøy folkeakademi	10 000
Florø fa sjø speidere / Frelsesarmeen	10 000
Almenning skyttarlag	10 000
Måløy frisbee klubb	10 000 – banekart
Sangkoret Stormklang	10 000
Brandsøykoret	10 000
Bellatango	10 000
Florø kunstlag	6 000 – tiltenkt kunstutstilling
Vågsøy seniordans	5 000
Måløy seilforening	5 000
Totalsum tilskot	300 000

Søknadane er vurdert av ei arbeidsgruppe beståande av fem personar.

Økonomiske konsekvensar:


Ikkje aktuelt.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Ikkje aktuelt.

Vedlegg i saken:

Kulturmidlar 2022 vurderingsskjema



Saksnr.	Utval	Møtedato
018/22	Oppvekst- og kulturutvalet	22.03.2022

Prioritering av spelemiddelsøknadar til kulturhus 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at innkomne søknader vert prioritert slik som det går fram av saksutgreiinga.

Oppvekst- og kulturutvalet 22.03.2022:

Handsaming:

Kjetil Høydal, rådgjevar i kulturavdelinga, orienterte.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

OPKUV- 018/22 Vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at innkomne søknader vert prioritert slik som det går fram av saksutgreiinga.

Bakgrunn for saka:

Alle søknader om spelemidlar i ordninga [Tilskot til kulturbygg i Vestland](#) skal sendast til kommunen før dei vert sendt vidare til fylkeskommunen. Kommunen skal kvalitetssikre søknadane og sende dei i prioritert rekkefølge innan 30 april.

Saksopplysningar:

Søknadsfristen for å sende inn søknader til kommunen var sett til 1. mars. Ordninga er gjort kjend gjennom heimeside, Facebook og annonse i lokalavisa. Det er i år 3 søknader: Stavøy grendehus, Reksta skule og Almenning grendehus. Alle søknadane er fornya og det kom ikkje inn nye søknadar i år, men det er 1-2 søknadar som blir vurdert innsendt i år og som kan komme til på lista. Dei blir då prioritert nedst.

Om søknadane ikkje er komplette vil administrasjonen arbeide saman med søkjarane for å prøve å få dei i orden før dei skal sendast inn til fylkeskommunen. Fristen for å sende dei frå kommunen til fylkeskommunen er den 30.04.2021. Søknader som ikkje er i orden innan fristen vil vi ikkje kunne sende vidare. Søknadane som ikkje vert godkjent vert teken ut av lista og dei andre rykkje opp på prioriteringslista. Nokre av søknadane er avhengig av kommunal støtte for å bli finansiert.

Vurderingar:

Når det gjeld prioritering er det ikkje gjennomført brukarmedverknad i form av eit møte med relevante aktørar til forskjell frå sak om spelemidlar for idrett og friluftsliv.

Søknadane under har fått 85% av søknadssummen forskottert i tråd med økonomireglementet for Kinn kommune.

Almenning grendelag rehabiliterer grendehuset med universell utforming på garderobe, toalett og dusj. Grendelaget har fått forskotering på 203 000.- i tråd med økonomireglement for Kinn kommune. Søknaden er fornya.

Stavøy grendelag fekk forskottert 402 000,- i oktober 2019. I følgje avtale med kommunen skal prosjektet ferdigstillast innan utgangen av 2020. Dei er godt i gong med prosjektet, men er blitt forsinka den siste tida på grunn av smittevernreglane. Søknaden er fornya.

Reksta ungdomslag har utbetra skulehuset på Reksta med midlar frå private gåver tidlegare. Dei søkte for første gong i 2020 og tek sikte på å bli ferdig til 100-års jubileet i 2022. Også dei har fått forskot tilsvarende 85% av søknadssummen på 75 000,- Søknaden er fornya.

Basert på eksisterande finansiering og framdrift i prosjekta har vi kome fram til prioriteringa under. Lista er basert på at Almenning grendehus har behov for tilskot til å komme i gang og er prioritert først. Deretter kjem Stavøy grendehus som har fått forskotering frå kommunen og er i gang med prosjektet sitt og det same med Reksta skule.


1. Almenning grendehus
2. Stavøy grendehus
3. Reksta skule

Økonomiske konsekvensar:

Økonomiske konsekvensar for kommunen er i hovudsak kostnader knytta til forskotering av spelemidlar og mellomfinansiering i påvente av spelemidlar for kulturscena i Eikefjord.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»



Saksnr.	Utval	Møtedato
019/22	Helse-, sosial og omsorgsutvalet	22.03.2022
019/22	Oppvekst- og kulturutvalet	22.03.2022

Rapport frivilligsentralane i Kinn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Rapportane frå frivilligsentralane i Kinn vert teken til vitande.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial og omsorgsutvalet - 22.03.2022

Rapportane frå frivilligsentralane i Kinn vert teken til vitande.

Oppvekst- og kulturutvalet 22.03.2022:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

OPKUV- 019/22 Vedtak:

Rapportane frå frivilligsentralane i Kinn vert teken til vitande.

Bakgrunn for saka:

Frivilligsentralane i Kinn skal kvart år innan 1. april rapportere til Helse, sosial og omsorgsutvalet og Oppvekst- og kulturutvalet.

Saksopplysningar:

26.05.2020 vart det gjort likelydande vedtak i Helse, sosial og omsorgsutvalet og i Oppvekst- og kulturutvalet:

1. Det skal opprettast ei felles ressursgruppe for frivillighet.
2. Innan 1. april kvart år skal det rapporterast om frivilligsentralane sitt arbeid i Helse, sosial og omsorgsutvalet og Oppvekst- og kulturutvalet.

3. Det skal leggst fram ei sak for politisk handsaming om korleis kommunen gjennom digitale plattformer kan gjere koordinering og realisering av frivillig innsats enklare.

Vurderingar:

Rapportane svarar på punkt 2 i vedtaket, med ein presentasjon frå leiarane i frivilligsentralane på møtet.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Vedlegg i saken:

Årsrapport 2021 Florø frivilligsentral

Årsrapport 2021 Vågsøy Frivilligsentral

Oversikt over aktivitetar i Kinn_vedlegg rapport frivilligsentralane



Saksnr.	Utval	Møtedato
020/22	Helse-, sosial og omsorgsutvalet	22.03.2022
020/22	Oppvekst- og kulturutvalet	22.03.2022
	Kommunestyret	

Tilstandsrapport 2021 for Kinn barnevern

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet og Helse-, sosial og omsorgsutvalet tek orienteringa om Kinn barnevern sin tilstandsrapport for 2021 til vitande.

Som oppfølging vert det arbeidd med å organisere ein fagdag, med mål om å få lokal kunnskap som grunnlag for å legge til rette for gode strategiar i Kinn kommune sitt førebyggjande arbeid.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial og omsorgsutvalet - 22.03.2022

Helse-, sosial og omsorgsutvalet tek orienteringa om Kinn barnevern sin tilstandsrapport for 2021 til vitande.

Som oppfølging vert det arbeidd med å organisere ein fagdag, med mål om å få lokal kunnskap som grunnlag for å legge til rette for gode strategiar i Kinn kommune sitt førebyggjande arbeid.

Oppvekst- og kulturutvalet 22.03.2022:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

OPKUV- 020/22 Vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet og Helse-, sosial og omsorgsutvalet tek orienteringa om Kinn barnevern sin tilstandsrapport for 2021 til vitande.

Som oppfølging vert det arbeidd med å organisere ein fagdag, med mål om å få lokal kunnskap som grunnlag for å legge til rette for gode strategiar i Kinn kommune sitt førebyggjande arbeid.

Bakgrunn for saka:

Frå 01.01. i 2021 er det lovbestemt at kommunestyret minst ein gang i året skal få ei orientering om tilstanden i barneverntenesta (bvl § 2 -1 åttande ledd).

Barnevernstenesta i Kinn kommune har nå utarbeidd *Tilstandsrapport for 2021*.

Tilstandsrapporten vert presentert i Oppvekst og kulturutvalet og Helse-, sosial og omsorgsutvalet, før den vert vidaresendt til Kinn kommunestyre.

Saksopplysningar:

Kinn kommunestyre og kommunen si administrative leiing har det overordna ansvaret for at barneverntenesta vert forvalta i samsvar med gjeldande regelverk, og at tenesta som vert ytt er forsvarleg.

Tilstandsrapporten skal vere eit verkty som sikrar kommunen si styring og systematiske kontroll med at barnevernstenesta utfører arbeidet slik at barn og familiar får den hjelpa dei har behov for.

Tilstandsrapport for 2021 gjev ei orientering om m.a:

- korleis Kinn barnevern er organisert
- oppgåver og ansvar
- barnevernsreforma
- lovpålagt arbeid som vert ytt i barneverntenesta
- barnevernet sin kompetanse og arbeidet med kompetansebygging
- økonomi
- utfordringar
- innsatsområde og tiltak

Vurderingar:

Det er første gang det er utarbeidd Tilstandsrapport for barneverntenesta i Kinn kommune. Tilstandsrapporten synleggjer barnevernet sitt arbeid, og gjev god informasjon og auka bevisstheit om ansvar og kvalitet i tenesten til administrativ og politisk leiing.

Arbeid med tilstandsrapporten skal gje betre innsikt i tilstand, utvikling og viktige problemstillingar i barnevernet, og gje grunnlag for betre prioriteringar. Sett i lys av barnevernsreforma vert riktige prioriteringar viktig nå kommunen skal styrke arbeid med førebygging og tidleg innsats i heile oppvekstsektoren.

Kommunedirektøren legg til grunn at Tilstandsrapport 2021 bidreg til god diskusjon om innhald og prosessar for arbeidet som nå pågår med *Temaplan for oppvekst* og *Temaplan for helse og velferd*. Den må også danne grunnlag for vurderingar som skal leggst til grunn i utarbeiding av kommunal plan for arbeidet med å førebyggje omsorgssvikt og atferdsproblem (bvl § 3-1).

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Barnevernlova

Endringer i velferdstjenestelovgivingen (samarbeid, samordning og barnekoordinator)

Vedlegg i saken:

Tilstandsrapport 2021 Kinn barnevern